

Tysnes-lag opplevde Uskedalen

07.08.2010



Det var kaffistopp på Vertshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kultursjef Kristian Bringedal har mangearta oppgåver. I dag har han guida Tysnes Bondekvinnelag gjennom det meste av kommunen. Gruppa fekk då sjølvsagt også oppleva Uskedalen.

Laget har 39 medlemmer og det var 27 med på turen, men det var også menn å sjå i flokken!

- Kvifor vart det Kvinnherad-tur og ikkje ei lengre ferd denne gongen, spurde uskedalen.no studieiar Jorunn Bjordal og nestleiar Eli Totland.

- Fleire hadde ikkje opplevd Halsnøy-tunnelen og vi hadde eit generelt ønske om å bli betre kjende i nærområdet. Når ein av mennene i tillegg kjende Kristian Bringedal godt, var valet lett, var svaret.

Og turen starta då naturleg nok på Halsnøy før han var innom Sunde og Husnes. I Uskedalen vart tysnesingane beverta med kaffi og kaker på Vertshuset før turen gjekk opp gjennom dalen til Friheim. Det var tydeleg at gardsmatproduksjonen gjorde inntrykk, og det gjorde også Nåso-veggen sjølv om det er fjellveggar nok også på øya nord for oss.

- Det minnar om Nord-Noreg, var ein kommentar vi fanga opp.

Vidare innover fjorden sto naturleg nok Rosendal sentralt, men målet for dagen var Olaløo der Kjersti Bondhus serverte middag.

Av Ola Matti Mathisen



På Friheim gjorde også Nåso-veggen inntrykk. Her orienterer Kristian Bringedal om den. (Foto: Ola Matti Mathisen)